



Til kommunane i Sogn og Fjordane og  
Hordaland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Karstein Fardal, tlf. 57643116

## Trekk av fag og kandidatar til sentralt gitt eksamen i grunnskulen våren 2019

Fylkesmannen viser til følgjande informasjon frå Utdanningsdirektoratet om trekking av fag og påmelding av kandidatar til skriftleg eksamen i grunnskulen:

- [rundskriv frå Utdanningsdirektoratet Udir -2- 2018](#)
- [trekking av eksamensfag](#)

Merk at vaksne som skal meldast på til sentralt gitt grunnskuleeksamen i engelsk, norsk eller matematikk skal meldast opp i dei same fagkodane som vert nytta ved påmelding av elevar i grunnskulen.

***Innan 1.mars må alle kandidatar som skal gjennomføre skriftleg eksamen i grunnskulen våren 2019, vere registrerte med fagkodar i PAS-eksamen.***

### Ansvar

Etter § 3-28 i forskrift til opplæringslova har kommunen ansvar for trekking av fag og elevar til sentralt gitt eksamen i grunnskulen. Kommunen har òg ansvaret for den praktiske gjennomføringa av eksamen. I forskrift til opplæringslova § 4-21, 2 ledd, som omhandlar vaksne, heiter det: «Kommunen har ansvaret for å trekkje fag og deltakarar til sentralt gitt eksamen i grunnskolen og for den praktiske gjennomføringa av eksamenen».

Vi minner om at vertskommunen også har ansvaret for trekking av fag og elevar for eventuelle friskular i kommunen, jf. forskrift til friskolelova § 3-26, sjå vedlegg.

På dette området har Fylkesmannen m.a. fått følgjande oppdrag: «Fylkesmannen skal følge opp regionalt arbeid med det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet, herunder eksamen, jf fullmaktsbrev til fylkesmennene. Fylkesmannen har et overordnet ansvar for at fordelinga på fag er rimelig».

### Organisering av trekket

*Kommunen må*



- innhente opplysingar frå dei kommunale og private grunnskulane og vaksenopplæringsssenter om kandidatar som skal avleggje skriftleg grunnskuleeksamen våren 2019.
- trekkje grupper og fag til eksamen på bakgrunn av oversyn over prøvegrupper frå skulane. Dei vanlegaste trekkfaga i våre fylke har følgjande kodar:
  - engelsk: ENG0012
  - matematikk: MAT0010
  - norsk: NOR0214 (hovudmål) og NOR0215 (sidemål).  
(elevane skal avleggje prøve både i hovudmål og sidemål)  
NOR1415 – elevar som har fritak for vurdering i skriftleg sidemål
- kontrollere at trekket fordeler seg jamt på fag og skular over tid
- gje skulane og vaksenopplæringsssentra melding om trekkresultatet så snart trekket er gjennomført.

### **Påmelding av kandidatar i eksamensadministrasjonssystemet**

Påmelding av kandidatar til eksamen skjer i systemet PAS-eksamen: <https://eksamen.udir.no/>

#### *Skulane og vaksenopplæringsssentra må innan 1. mars*

- melde på kandidatane i PAS
- bestille materiell PAS til kandidatar med trong for særleg tilrettelegging.

Utdanningsdirektoratet har laga ein [film](#) om korleis ein legg inn kandidatar.

Ved påmeldinga må alle som skal avleggje skriftleg grunnskuleeksamen, knytast til ein bestemt fagkode.

Merk at dei som skal avleggje eksamen i norsk skriftleg, og har **fritak for vurdering med karakter i skriftleg sidemål, berre skal meldast på i fagkoden: NOR1415.**

Det er berre eksamenskandidatar som skal gjennomføre eksamen som skal meldast på i PAS, ikkje dei som er fritekne for vurdering i faget, jf §§ 3-20 og 3-21 i forskrift til opplæringslova, eller dei kandidatane som etter søknad er fritekne frå eksamen, jf § 3-24 i forskrifta.

Vi ber skulane vere merksame på kandidatar som melder flytting og sluttar på skulen mellom påmelding til eksamen og avvikling av eksamen. Desse kandidatane må slettast frå eksamensgruppene i PAS og meldast opp att ved den nye skulen.

Dersom det skjer endringar i påmeldinga etter at påmeldingsfristen er gått ut, må skulen snarast kontakte Fylkesmannen.

### **Eksamensstrekket er konfidensielt**

Alle som får tilgang til opplysningar om trekkfag i eksamensadministrasjonssystemet, må gjerast merksame på at eksamensstrekket er konfidensielt fram til kunngjeringa av trekkfag tysdag 14. mai kl. 0900.

Vi kan opplyse om at fellessensuren for årets grunnskuleeksamen vert måndag 17. juni.



Med helsing

John Ole Vange (e.f.)  
seksjonsleiar  
utdanning- og verjemålsavdelinga

Karstein Fardal  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*